



Uskedalens unge dyktige musiker Vegard Døssland (21) får stadig

nye ærefulle oppdrag. No har han fått forespørsel om å vera solist på ein konsert i samband med markeringa av 200-årsjubileet for Grunnlova. Konserten er på tingstaden for Gulating i Eivindvik i Sogn 28. september.

Vegard vert ved dette høve akkompagnert av HUBB der han tidlegare var medlem og dirigent er ingen ringare enn Espen Selvik som har eit godt namn også internasjonalt.

No i sumartida jobbar Vegard på SPAR i Uskedalen. Det siste året har han budd i Oslo og livnært seg som frilansmusikar og trompetinstruktør. Til hausten skal han starta på ingeniørstudiar i hovudstaden, men han satsar framleis på musikk på høgt nivå.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen